

Hugs fristen for å koma med innspel til revisjon av Trafikksikringsplan.

19.03.2020



Gang- og sykkelveg Uskedal bru - Steinsletto må koma på plass i ny trafikksikringsplan.

Fram til 1. mai 2020 er det høve til å koma med innspel til ny trafikksikringsplan for Kvinnherad kommune. Varsel om oppstart er kunngjord og mellom anna skular, barnehagar, FAU, bygdelag, næringsliv og einskildpersonar kan senda innspel til ny plan. Planen erstattar eksisterande plan frå 2012.

Varsel om oppstart er kunngjord i aviser og på kommunen si heimeside. I Uskedalen er varsel sendt til:

- Uskedalen FAU
- Uskedal skule
- Uskedal Barnehage
- Dønhaug Gardsbarnehage
- Uskedalen Utvikling

Det er ynskjeleg med innspel som går på alle tilhøve i trafikken. Det kan vera:



Ein reguleringsplan vil sei noko om trasevalg og påkoplingsvegar.

- Trafikkfårlege punkt/strekningar
- Skilting og redusert fartsgrense
- Trong for gang- og sykkelveg
- Fortau
- Gangfelt
- Veglys
- Busstopp/busshaldeplass

Planen skal ha med eit eige kapittel om haldningskapande arbeid og trafikkåtferd.

No gjeld det innspel til ein plan. Merknader kjem ein tilbake til når det føreligg framlegg til ein plan.

Innspel skal sendast til post@kvinnherad.kommune.no, merka med Trafikksikringsplan. Dersom du vil markera eit trafikkpunkt på kart, kan det gjerast på karttenesta til kommunen, kommunekart.

Meir informasjon: Kontakt Hildegunn Furdal. E-post: hildegunn.furdal@kvinnherad.kommune.no Telfon: 906 78 429

Dette er ei oppdatering av tidlegare publisert artikkel 19.03.2020.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal